Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmålnr. Brynet

Herad: Luster

Emne:

Bygdelag: Fortun i Luster.

Oppskr. av: eiga røynsle

Gard: Svensøy

(adresse): Oskar Svensøy Fortun i Sogn.

G.nr. 4 Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1.

Det vanlege namnet er Bryne i bygda vår.

Hein er eit vanlegt ord i bygda vår, men brukes å kvesse finere ting som f.eks. barberknivar.

2. Det brukes no mest bryner av kunststein her hjå oss. Men i fyrstningi av hundra for ein c 30 år sidan, so brukast det berre naturstein.

Naturleg brynestein er ikkje å finna her i bygda. Eg trur dei fekk kjøpt frå Voss.

3. Reidskapi vert fyrst slipte på ein rund stein, og sidan brynte.

Barberknivar vert berre brynte, likeens finere brettkjeserkniver. Det hender ogso at desse ting vert slipte, men på sers fin stein.

4. Min beste-far.

Ole K. Svensøy, fortalde meg um at dei brukte og kynna ljå, og ikkje slipa. Det er vel ein ca 80 år sidan dei slutta med kynning her i bygda.

249

side. 2. 2

Sigden vart behandlet på same måten som Ljåen.

Det var tilvanleg smeane som tynte Ljåane. Men det kunde også vere mange bønder som gjorde det sjølve.

Det var mykje um å gjera å vera ein god tynnar. Var det ein god tynnar so kunde ein slå med same Ljåen ei veke når ein brynte attåt.

Men Ljåen vert kvassare og lettare å slå med etter å slipa enn å tynna.

Tynningi gjorde dei på den måten at dei i smia heta Ljåen, og so banka den ut. So hadde dei den i kaldt vatn for å herda den. Og sidan brynte dei den kvassare til bruk.
Etter som eg forstår so brukte dei vanleg ambolt.

5: Nokon annan slipestein enn den kunde veit eg ikkje um.

~~7~~.6 Kor lenge dei bruka Ljåen millom kvar gang ein sliper, kjemer an på kor god ein er å bryna, og kor marfsen er-, um den er steinut eller ikkje og so kor godt stål det er i Ljåen.

7. Her brukes ikkje meir enn ein sort bryne til Ljåen.

8. Når ein sliper tek ein til vanleg Ljåen av orvet.

9 Når ein bryner so set ein orvet upp framfyre seg, og bryner so Ljåen på båe kanter.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

side 3. 10 Koppen som brynet vert bore i kallar ein her brynekollen. 3

Brynekollen er som regel av tre, og i det ber ein bryne.

11 Ein ber den på sida, feste til ei reim rundt livet heller etter eit anna hekte i buksa.

13. Ein fuktar brynet i vatn.
Finare ting, som høvelknivar og treskjerarreidskap or brukar dei ofte Olje.

14. Noko serskildt ord fyr det mølet som kjem fram under bryning har eg ikkje høyrt.

Noko anna veit eg ikkje til å seia um bryne.

I vyrdnad

agronom Oskar Svensøy

Fortun i Sogn.

adresse fortiden er

Skjolden Sogn.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

249